

Stilling som fagleg leiar for Norgeshistorie.no (avdelingsleiar SKO 1407) er ledig ved Institutt for arkeologi, konservering og historie

Den faglege leiaren skal leie arbeidet med nettstaden Norgeshistorie.no og være fagleg ansvarleg for innhaldet på nettstaden.

Arbeidsoppgåver:

- Leiing av arbeidet med nettstaden.
- Vidareutvikling av faglig innhald.
- Ansvar for drift og utvikling av nettstaden.
- Oppfølging av forfattarar og kvalitetskontroll av fagleg innhald.
- Marknadsføring og dialog med brukarmiljø.

Fagleg leiar vil være arbeidsleiar for dei andre administrativt tilsette ved instituttet som arbeider med nettstaden.

Det kan bli lagt også andre oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonskrav

- Doktorgrad i historie eller arkeologi og brei kjennskap til norgeshistorie.
- Leiarerfaring.
- Generell it- og nettkompetanse.
- Gode formidlings- og kommunikasjonsevner.
- Inngåande kjennskap til skuleverket, særleg vidaregåande skule.
- Svært gode norskkunnskapar, både skriftleg og munnleg.
- Det er ein fordel med kjennskap til dei relevante fagmiljøa i Noreg og universitets- og høgskulesektoren.
- Personleg egna og motivert for stillinga.

Ved vurdering av kvalifiserte kandidatar vil det bli lagt vekt på:

- Evne til å leie og samarbeide med andre.
- Erfaring med å formidle.
- Evne til å være innovativ og nytenkande.
- Evne til strategisk planlegging og målsetting.
- Evne til å forstå korleis nettstaden kan brukast i skolen.
- Evne til å bygge nettverk.
- Evne til å trivst med høgt tempo og varierte arbeidsoppgåver

Vi tilbyr

- Lønstrinn (x – x kr per år, avhengig av ansiennitet og kompetanse)
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i Statens Pensjonskasse
- stilling i ei IA-verksemd, gode velferdsordningar og høve til trening i arbeidstida

Til informasjon skal følgjande dokument sendast ved den elektroniske søknaden, helst i pdf-format:

- søknadsbrev

- CV

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkjarlista.

Vi viser òg til regelverk for teknisk-administrativt tilsette.

UiO har ein overtakingsavtale for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.